




Finn fram kvardagshelten i deg, det nyttar!

INNHALD

Omstilling og nye utfordringar	4
Eit tilbakeblikk	5
Eigarmelding 2011	10
Styrets årsmelding og rekneskap	12
Revisors beretning	22

Redaksjon: SSR | Layout: Spirdesign/Egsetviketrykk | Trykk: Egsetviketrykk
Foto: Vasco Pinhol, Per Eide, Loop, Andaras Kleven Rasmussen,
Geir Magne Sætre



OMSTILLING OG NYE UTFORDRINGAR

2010 og 2011 har vore år prega av omstilling og nye utfordringar for SSR. På leiarnivå har det vore viktig å få på plass dei lange linjene, og viktige dokument som strategisk plan, eigarstrategi og kommunikasjonsstrategi er utforma. Dette gjer SSR betre rusta til å møte dei utfordringane som kjem i framtida.



Einar Heimdal, Dagleg leiar

MILJØVERN OG AVFALL

I både eit globalt, nasjonalt og lokalt perspektiv er det meingsfullt å arbeide i ein bransje som kan assosierast med det gamle og gode omgrepet miljøvern. Gjennom miljøvennlege og berekraftige løysningar for handtering av avfallet kan SSR bidra til reinare luft, vatn og natur. Gjennom haldningsskapande arbeid, spesielt retta mot barn og unge, kan vi bidra til at neste generasjon har eit meir bevisst forhold til korleis ein kan ta vare på naturen på ein god måte.

FRÅ PRODUKSJONS- AVFALL TIL NÆRINGS- AVFALL

01.07.2004 skjedde det ei viktig endring for avfalls- og miljøbransjen. Definisjonane av avfall blei endra. Fram til denne datoen hadde ein delt inn avfallet etter type avfall, med to hovedgrupper, forbruks- og produksjonsavfall. No ønska ein å dele inn avfallet etter kven som var kjelda til avfallet. Dei to nye avfallskategoriane er det vi i dag kjenner som hushaldnings- og næringsavfall. Hushaldningsavfall definerast som avfall frå hushaldningar, inkludert større gjenstandar som inventar og liknande. Næringsavfall kan grovt sett definerast som avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar. Fram til då hadde kommunen hatt ansvaret for forbruksavfallet også frå næringslivet. Kommunane skulle framleis ha ansvaret for hushaldningsavfallet, men det var ønskeleg å gje næringslivet større fridom og ansvar til å velje avfallshandtering innanfor vise rammer. Dette kunne igjen stimulere til å utvikle kostnadseffektive løysingar som fører til at mål i avfallspolitikken blir nådd. Det er nokre år sida denne endringa blei gjennomført og den har hatt store konsekvensar for organiseringa av avfallsbransjen. Det har kome mange nye aktørar som konkurrerer om næringsavfallet, utviklinga i bransjen har vore enorm. For SSR er grensegangen mellom hushaldning

og næring ein del av kvardagen. Eit klart og ryddig skilje mellom næring og hushaldning er ein føresetnad for drifta vår, og det er lagt ned mykje arbeid i dette dei seinare åra. Det er ein fordel både for SSR og for kundar og abonnentar at vi har ein fot i kvar leir. Konkurransen krev at SSR er i stadig utvikling, det kjem abonnentane til gode.

HØGT SERVICENIVÅ

Avfallsbransjen har dei siste åra også vore prega av at mange kommunar og IKS'er har sett ut avfallstenestene på anbod. Dette har vore eit svar på eit stadig høgare krav til kostnadseffektivisering i bransjen. Ei slik løysing har også ei rekke gonger vore diskutert i SSR sine organ. Vi ser også eksempel på at nokon vel å gå motsatt veg og går tilbake til å gjere innhentinga sjølv, t.d. Glåmdal interkommunale renovasjonsselskap. Avfallsbransjen er ein relativt ung bransje. Det å kunne snu seg raskt og vere fleksibel slik at ein raskt kan gjere nødvendige endringar har stor verdi. For SSR er det også viktig å ta vare på den erfaringa og kontinuiteten som ligg i selskapet etter 32 års drift. Lokalkunnskap og "know how" gjer at vi kan tilby eit høgt servicenivå til våre abonnentar. T.d har truleg SSR landets beste henteordning for papir og plastemballasje, vi har også gode ordningar for hageavfall slik at vi får inn store mengder av slikt avfall.

STORTINGSMELDING OM AVFALL

Det er 20 år sida Thorbjørn Berntsen la fram stortingsmeldinga si om avfall. Denne har hatt mykje å seie for det som har skjedd i avfallsbransjen. Hausten 2012 skal den nye avfallsmeldinga vere klar, nye utfordringar ventar både SSR og resten av bransjen.

Einar Heimdal, dagleg leiar

EIT TILBAKEBLIKK




KUNDEUNDERSØKING 2011

SSR gjennomførte ei kundeundersøking i 2011. Målet med undersøkinga var å få innspel frå abonnentane på kva vi kan gjere betre i framtida. Det blei gjennomført 400 telefonintervju, 100 intervju i kvar av eigarkommunane. Noko av det kundane ønska seg meir av var lengre opningstider på miljøstasjonane

og utvida kjeldesortering. På desse to punkta har vi i 2011 gjort nokre grep for å kome abonnentane i møte. Vi har utvida og endra opningstidene på alle tre lokalmottaka, slik at vi no har meir ope når folk har fri. Innsamlinga av plastemballasje som starta opp 10. oktober 2011 aukar abonnentane si moglegheit for å kjeldesortere.



AVFALLSHIERARKIET



Avfallshierarkiet illustrerer prioriteringane i norsk avfallspolitikk og EU sitt rammedirektiv for avfall.

Det øvste målet er å redusere den totale avfallsmengda. Vidare er det eit mål å leggje til rette for å auke graden av ombruk. Når det gjeld avfall ønskjer myndigheitene at så mykje som mogleg av avfallet kan få ny verdi gjennom materialgjenvinning. Avfallet som ikkje kan materialgjenvinnast skal gå til energiutnytting. Lengst nede i den omvendte pyramiden finn vi deponi. Målet er at minst mogleg skal ende på deponi. I 2011 enda 0,2 % av avfallet frå SSR - kommunane på deponi.




«Du kasta 457 kilo avfall og kjeldesorterte 257 kg i 2011»

AVFALL TIL MATERIALGJENVINNING

Kvar enkelt innbyggjar i SSR - kommunane leverte i gjennomsnitt 457 kilo avfall i 2011. Av desse kiloane er 257 kg kjeldesortert. Figuren viser fordelinga av dei ulike avfallstypene som blir kjeldesortert. Greiner og hageavfall utgjør ca 65% av det kjeldesorterte avfallet.


	Total (tonn)	Per innbyggjar (kg)
58 kg Papp, papir, kartong og drikkekartong	2	58
16 kg Treverk	376	16
2 kg Plast	38	2
6 kg Glas	138	6
8 kg Metall	194	8
2 kg Farleg avfall	57	2
166 kg Greiner og hageavfall	4000	166



GEBYRFORDELING

Figuren viser fordelinga av kostnader mellom avfallstypene som vert samla inn, miljøstasjonane, administrasjonen og ulike informasjonstiltak retta mot abonnentane. Innsamling, sortering og transport av plast og papir tilsaman, utgjør ein større kostnad enn restavfallet.

Gebyrfordeling- årsrapport	%
18 % Administrasjonen, inkl. konsulenttenester, porto, kursing og styring	18
24 % Papir	24
10% Plast	10
31% Restavfall	31
7% Miljøstasjonane inkl. spesialavfall	7
2% Glas og metall	2
6% Greinplassane	6
2% Informasjonstiltak	2



MILJØRAP, TEIKNINGAR OG VISJON



SSR sin visjon: «Framtidsretta miljøbedrift -Til å vere stolt av»

2011 var prega av strategisk arbeid i selskapet. I arbeidet med visjon for selskapet ønska leinga i SSR å få innspel frå barna og dei unge i bygdene og byane våre. Barna er framtida og SSR vil ha framtida inn i visjonen.

Dette initiativet resulterte i at alle 2. klassingane og 5. klassingane i dei fire eigarkommune blei invitert til å vere med på ein miljøkonkurranse. 2. klassingane fekk i oppgåve å teikne teikningar om tankar dei har om kjeldesortering og miljø, no og i framtida. 5. klassingane fekk i oppgåve å lage ein rap som handlar om miljø. Det blei også laga ein miljødans som blei instruert til alle 2. og 5. klassingane. Chris Masters og Mirjam Knotten fekk i oppgåve å lage musikk og dans.

Miljøkonkurransen skapte stort engasjement hos barna. SSR møtte stor velvilje hos dei fleste skulane. Vinnarane blei kåra på fire ulike arrangement i kommunane: Smak av Ulstein, Mar-

itim sommarfestival i Fosnavåg, Vindrosa i Gjerdsвика og Opplev Hareid. Her blei både miljørap og miljødans framført. Teikningane frå konkurransen blei brukt i kjeldesorteringsskalenderen for 2012 som alle abonnentane fekk tilsendt før jul. Erfaringane frå denne konkurransen er at miljø og kjeldesortering er noko som engasjerer barna. Dei har sine egne tankar og bilete om dette temaet som det er viktig å ta på alvor. Langsiktig og strukturert haldningsskapande arbeid mot barn og unge vil vere eit viktig fokusområde for SSR i tida som kjem. SSR vil vere med å skape ein generasjon som har kjeldesortering "under huden" og som har eit bevisst forhold til forsøpling både på land og i sjøen, og korleis forbruk påverkar avfallsmengde og miljø.

VINNARANE AV KONKURRANSEN:

MILJØRAP

Sande: Larsnes skule
Herøy: Nerlandsøy skule
Hareid: Hareid skule
Ulstein: Delt seier mellom Hasund - og Ulstein skule.

TEIKNKONKURRANSE:

Sande: Gjerdsвика skule
Herøy: Bergsøy skule- avd. blåhaugen
Hareid: Hjørungavåg skule
Ulstein: Ulsteinvik barneskule



BAKGRUNN OG FORMÅL MED EIGARMELDINGA

1.1 Styringsdokument.

Styret legg til grunn tre sentrale styrande dokument for arbeidet sitt:

- Selskapsavtale (forslag til ny selskapsavtale vil bli lagt fram våren 2012)
- Eigarstrategi (vedtatt hausten 2011 / vinteren 2012)
- Selskapsstrategi (vedtatt sommaren 2011)

Eigarmeldinga skal behandlast av representantskapet og framleggast for eigarkommunane saman med årsrekneskapet. Meldinga skal rapportere i forhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, og gi informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

OPPFØLGING AV MÅL FOR 2011

2.1 Generelt om SSR sine mål

SSR sin visjon, slik den er vedtatt i strategisk plan for 2011 – 2014, er «Framtidsretta miljøbedrift – til å være stolt av».

Strategisk plan slår fast at SSR skal bidra til at husstandane i eigarkommunane blir mellom dei beste i landet på kjeldesortering og med det bidra til at dei fire eigarkommunane når miljø- og klimamåla sine. SSR skal tilby ein renovasjonsteneste som møter miljøkrav, er kostnadseffektiv og brukarvennleg.

2.2 Resultatmål

Basert på dette er det definert resultatmål innanfor følgjande område:

- Innsamla mengde avfall.
- Mengde til energigjenvinning.
- Kundetilfredsheit.
- Mengde til deponering.

I tillegg skal selskapet:

- Ha ei synleg og aktiv rolle som samfunnsaktør.
- Bidra til at kommunane når klimamåla sine.
- Levere ei kostnadseffektiv teneste til konkurransedyktige prisar.
- Sørge for auka kundetilfredsheit gjennom konkrete tiltak.

2.3 Faktisk måloppnåing:

Avfallsmengder og gjenvinningsgrader:

Måltal for 2011:	Mål for 2011:	Verkelege tal i 2011:	Mål-oppnåing:	Verkelege tal i 2010:	Endring frå 2010:
Volum	4200 t	4100 t	Ja	3900 t	+ 5,1 %
Gjenvinningsgrad energi-gjenvinning (grønedunken)	54%	37%	Ja	47%	10% reduksjon
Kunde-tilfredsheit	-	63 %	-	-	-

Volym

Måloppnåing på dette området kan vere hefta med usikkerheit på grunn av at den totale avfallsmengda i landet aukar og er forventa å auke vidare i åra som kjem.

Gjenvinningsgrad

Gjenvinningsgrada fortel om kor mange prosent av den totale avfallsmengda som SSR handterer som går til energigjenvinning via grønvedunken e.l. frå hushaldningar. 10 % reduksjon, til trass for auka mengde, har samanheng med at den totale avfallsmengda har gått opp. For SSR sin del ser ein også at volumet på greinplassane aukar mykje og dette virkar inn på prosentandelen i totalbildet for dei andre fraksjonane.

Kundetilfredsheit

Når det gjeld målinga av kundetilfredsheit var 2011 det første året. Det er sett i verk ymse tiltak og målet er at prosenten for kundetilfredsheit skal opp 10 % dei komande åra.

2.4 Avfallshierarkiet

Avfallshierarkiet gjenspeilar nasjonale mål i prioritert rekkefølge, med avfallsreduksjon øverst.

Avfallsreduksjon	Ikkje samanliknbare tal
Ombruk	0 %
Materialgjenvinning *	53,5 %
Energigjenvinning **	46,3 %
Deponi	0,2 %

* Inkludert dekkmasse frå greinplassane til deponiet

** Grønedunken + treverk og usortert grovavfall

Materialgjenvinningsgrada vil endre seg ein del i løpet av 2012 og 2013. I løpet av denne perioden vil deponiet vere ferdig tildekt og ein må finne nye løysingar for kverna greinplassmasse.

3. Spesielle forhold i 2011

3.1 Endring av hentefrekvens

Selskapet innførte pr 1. januar 2012 endra hentefrekvens slik at grønvedunken blir henta kvar 14. dag frå veke 2 i 2012. Bakgrunnen for vedtaket var at det vil føre til ei kostnadseffektivisering for selskapet, samt at det vil redusere forureining frå renovasjonsbilane. I tillegg er det eit nasjonalt mål å redusere avfallsmengda. Saka vart før endeleg vedtak, drøfta og vedteke i selskapet sitt representantskap. Dei abonnentane som har stort behov blir tilbode større dunk. Ordninga ser ut til å fungere tilfredsstillande.

3.2 Organisasjon

Det er gjennomført enkelte organisatoriske endringar i selskapet i 2011.

SSR har i strategisk plan sett fokus på å betre selskapet sitt omdøme og auke selskapet sin kundetilfredsheit. SSR skal også arbeide for å vere ei synleg miljøbedrift som skal drive haldningsskapande arbeid som kan bidra til å oppfylle nasjonale og kommunale mål for avfall og miljø. Det vart difor tilsett ein kommunikasjonsansvarleg i mars 2011. Auka offentlege krav, innføring av renovasjon for fritidseigedomar og stadig fleire hushaldningsabonnentar har ført til eit auka press på administrasjonen i 2011.

4. Planlagde endringar

4.1 Hushaldningsavfall til energigjenvinning

I strategisk plan for perioden 2011 – 2014 er det fastsett eit mål om å redusere mengda hushaldningsavfall som går til energigjenvinning. Bak dette ligg det nasjonale mål om å skyve volum oppover i avfallshierarkiet.

Eit konkret tiltak for å nå dette målet er å forsøke å legge til rette for ei ordning med heimekompostering, slik at det våtorganiske avfallet kan gå til materialgjenvinning i staden for til energigjenvinning. Gjennomsnittleg blir det kasta 50 kilo mat per person kvart år i Norge. Det vil seie 1200 tonn i SSR-kommunane, noko som vil seie ca 30 % av restavfallet vi får inn i grønvedunken i dag. Det er med andre ord eit stort potensial i ei slik ordning – sjølv om ordninga vil vere frivillig for abonnentane.

4.2 Informasjon og utadretta arbeid

Selskapet vil arbeide vidare med informasjon og utadretta arbeid – spesielt mot barn og ungdom. I dette arbeidet er det planlagt å kunne ta i mot større grupper med besøkande, som t.d. skuleklasser og barnehagar, i eigna fasilitetar.

4.3 Diverse forhold

Selskapet vil også etter kvart vurdere om det kan vere hensiktsmessig å vurdere 8 m³ kombicontainerar for hushaldningsabonnentar i enkelte område.

Det blir kontinuerlig jobba med å finne nedstrømsløysingar som gir dei beste løysingane på kostnadseffektivitet og miljø.

5. Dialog med eigarane

5.1 Dialog med eigarane skjer i ulike formelle og uformelle fora og møter.

Representantskapet

Det er halde 3 møter i representantskapet i 2011. Dette er øvste selskapsorganet og møteinnhald er definert i Lov om interkommunale selskap samt i selskapsavtala. Leiar i representantskapet i 2011 har vore Jan Berset, ordførar i Ulstein kommune.

Andre møter

I samband med budsjettering og andre aktuelle saker som skal utførast i kommunane, vert det etter behov halde møter med aktuelle kommunar. Frå SSR møter normalt dagleg leiar, men ved spesielle saker kan andre representantar frå administrasjonen møte så vel som frå styret.

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR)
Org.nr. 987 570 970

1. Styret si samansetting

Styret har i 2011 bestått av:

- George Fulford, styreleiar
- Einar Warholm, nestleiar
- Gro Anita Engh, styremedlem
- Helga Longva Dyrhol, styremedlem
- Gry Cecilie Sydhagen, styremedlem
- Lidvin Sundgot, styremedlem (valgt av og blant dei tilsette)

Det har vore 14 styremøter i 2011.

2. Oppsummering

Styret er fornøgd med årets resultat, med ei forbetring på ca 4 millionar kroner frå 2010. Det positive resultatet skuldast i det vesentlege gjennomført gebyrauke, auka antal abonnentar og arbeid med forbetring av selskapet si verksemd. Overskotet på hushaldning blir nytta til reduksjon av det negative sjølvkostfondet og vil såleis kome abonnentane til gode på sikt. Gebyra har i tidlegare år vore for lavt kalkulerte og dette har difor over tid gitt eit negativt sjølvkostfond. Auka kostnader er primært knytt til innsamla og behandla fraksjonar, spesielt har papir hatt ein kraftig vekst.

2. Representantskap

Representantskapet består av politisk valgte representantar frå kvar av dei 4 eigarkommunane. Jan Berset er leiar av representantskapet. Det har vore 3 møter i representantskapet i 2011.

3. Eigarforhold, selskapsform og formål

Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS (SSR) er organisert som eit interkommunalt selskap. Selskapet er eigd av kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.

Selskapet sitt formål er å oppfylle kommunane sine plikter knytta til hushaldningsavfall etter forureiningslova og gjeldande selskapsavtale. Dette inneber at SSR skal ivareta dei praktiske oppgåvene rundt avfallshandtering og slam som kommunane er pålagde i forureiningslova. SSR skal bidra til å bevare eit fysisk miljø i regionen som er reint og helsemessig forsvarleg, og som oppfyller kommunane sine plikter knytt til avfall etter forureiningslova.

SSR utøver si verksemd med utgangspunkt i Saunesmarka i Ulstein kommune, men utfører elles det praktiske arbeidet med innhenting av avfall over heile området.

4. Selskapet si verksemd i 2011

I dei 4 eigarkommunane er det over 24000 innbyggjarar, over 9000 abonnentar, 29 returpunkt for glas- og metall, 3 miljøstasjonar og 3 greinplassar.

SSR syter sjølv for produksjon av tenestene og har bygd opp eit renovasjonstilbod til husstandane. Dette er selskapet si kjerneverksemd. Ansvaret for renovasjon omfattar innsamling, transport og avsetning av hushaldningsavfall i eigarkommunane frå husstandar, returpunkt og miljøstasjonar.

Selskapet sitt tilbod omfattar også innsamling, transport og avsetning av næringsavfall i avgrensa omfang. Denne verksemda er avgrensa til å omfatte tømning av dunkar. Selskapet driv denne verksemda primært fordi denne tenesta inneber ein gunstig påverknad på selskapet si verksemd. Dette medfører lågare priser for tenestene, ikkje minst på grunnlag av meir effektiv bruk av selskapet sine driftsmiddel.

Styret har i 2011 vidareført arbeidet med å forbetre og trygge selskapet si kjerneverksemd. Det omfattar både selskapet sin organisasjon, forholdet til selskapet sine eigarar samt selskapet sitt omdøme generelt.

Det er utarbeidd ein strategisk plan for selskapet og ein eigarstrategi. Styret meiner at disse styringsdokumenta gir grunnlag for auka forståing og gjer selskapet si verksemd meir føreseieleg. Selskapet sine strategiske mål er knytta til økonomi, miljømål og kundetilfredsheit.

Selskapet innførde pr. 1. januar 2012 endra hentefrekvens, slik at grøndunken blir henta kvar 14. dag. Saka vart før endeleg vedtak, drøfta og vedteke i selskapet sitt representantskap. Dei abonnentane som har stort behov får tilbod om større dunk. Bakgrunnen til denne endringa var primært eit ønske om å redusere kostnader, miljøomsyn og for å nå nasjonale mål om avfallsreduksjon.

5. Føresetnad for vidare drift

Føresetnaden for vidare drift er til stades og årsrekneskapan for 2011 er satt opp under denne føresetnaden. Omfanget av næringskundar omfattar etter styret si vurdering ingen økonomisk risiko av betydning. Rekneskapsføring knytta til næringskundar vert halde åtskilt frå sjølvkostrekneskapan for hushaldningkundar.

6. Arbeidsmiljø og likestilling

Selskapet sysselsette i 2011 32 årsverk. Dette er fordelt på 24 fast tilsette og vikariat for å dekke opp for sjukdom, ferie og anna fråver. I desse tala ligg det også inntak av ein del midlertidig arbeidskraft på grunn av store avfallsmengder. Den daglege drifta er underlagt dagleg leiar Einar Heimdal.

Det er i 2011 gjort ei lang rekke tiltak for å forbetre arbeidsmiljø og samarbeidsforhold i selskapet. SSR kjøper bedriftshelseteneste hos Hjelp 24 Bedriftshelsetjeneste AS. Desse er involvert i arbeidet med forbetringar saman med og i dialog med leiinga og tillitsvalde/verneombod.

Totalt sjukefråver utgjør 5,5 %. 2,1 % er korttidsfråver. SSR har i 2011 ikkje hatt alvorlege personskader knytta til selskapet si verksemd.

Selskapet arbeider kontinuerleg med kompetanseutvikling av selskapet sine medarbeidarar. Selskapet arbeidar for likestilling mellom kjønna og det praktiserast lik lønn for likt arbeid, der ein tek omsyn til alder og erfaring. Av styret sine 6 medlemmer er 3 kvinner. Av selskapet sine 5 medlemmer av leiargruppa er 3 kvinner. Det er ei målsetting at det skal vere full likestilling mellom kvinner og menn i SSR. Renovasjonsarbeidet har tradisjonelt vore eit mannsdominert yrke, spesielt ute på bilane, og dette har ført til at delen kvinner ikkje er så stor som ein kunne ønske. Styret ønskjer å auke kvinneandelen også på innhentingdelen.

Det er ikkje satt i verk spesielle tiltak i samband med likestilling.

7. Ytre miljø og miljørapportering

Kontordrifta forureinar ikkje det ytre miljø.

Som ansvarleg for å levere renovasjonstenester til over 9000 husstandar er det eit betydeleg transportinnslag i dette arbeidet. SSR søker gode og rasjonelle transportløyningar. Selskapet prøver å legge opp gode og rasjonelle transportløyningar der miljøomsyn er tillagt stor vekt.

Sluttbehandling av den totale innsamla avfallsmengda skjer på ein miljømessig forsvarleg måte, og etter gjeldande lover og reglar på området.

Gjennom aktivt å søke å realisere dei miljømåla som eigarar og samfunn set for selskapet si verksemd, mellom anna ved systematisk å vidareutvikle ei moderne ordning for kjeldesortering, meiner styret at gjeldande krav til miljø og forureining er tatt hand om.

8. Årsrekneskap og finansiell risiko.

Sum driftsinntekter utgjør kr 40.871.853,-.

Driftsinntektene utgjør gebyr som vert betalt av den enkelte abonnent i dei 4 kommunane som er deltakarar i SSR, samt inntekt frå næringsverksemda som utgjør ca kr 5.042.000,- på vanleg næring og ca kr 4.174.326 på slamtøming.

Årsrekneskapet for 2011 er gjort opp med eit driftsresultat på kr 3.858.024,- og eit årsresultat etter finans på kr 3.220.305,-.

Styret er tilfredse med resultatet med omsyn til selskapet sine rammebetingelsar.

Resultatet for hushaldningsrekneskapet syner eit overskot på kr 1.524.000,-, medan overskotet for næringsverksemda utgjorde kr 1.696.305,-.

Styret foreslår at overskotet for næringsverksemda vert overført til dekning av tidlegare udekkta tap.

Eit sjølvkostfond skal hindre store prisutslag frå år til år og skal gå i balanse over 3-5 år. Går det i minus må gebyra opp og går det i pluss skal prisane gå ned. Renovasjonsgebyret skal dekke alle kostnader med innhenting og avfallshandtering for hushaldningane.

Overskotet i hushaldningsrekneskapet vert sett av til eit fond slik at årsrekneskapet etter overføringar syner eit endeleg resultat på kr 0,-. Selskapet hadde pr 31.12.10 eit negativt sjølvkostfond på kr 2.713.000. Dette vil seie at SSR har dette til gode hos innbyggjarane i dei fire kommunane. Hushaldningsdelen gjekk med eit overskot på kr 1.524.000 i 2011. Det negative sjølvkostfondet er dermed pr. 31. desember 2011 redusert til kr. 1.189.000,-.

Selskapet har god likviditet.

Etter styret si oppfatning gir det framlagde resultatrekneskapet og balanse med tilhøyrande notar god informasjon om drifta og stillinga ved årsskiftet.

Det er heller ikkje kome inn forhold etter årsskiftet som har betydning for bedømminga av årsrekneskapet for 2011.

Styret vurderer at selskapet si økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande. Styret meiner at årsrekneskapet gir eit rett bilde av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.



Styret meiner at den forretningsmessige og finansielle risikoen for selskapet si verksemd er lav. Det er då lagt vekt på selskapsforma som inneber at selskapet sine eigarar har ansvar for selskapet sine plikter.

9. Framtidsutsikter

Styret meiner at selskapet i 2012 står langt betre rusta til å realisere selskapet sine målsettingar og eigarane sine forventningar enn tidlegare.

Styret vil i 2012 prioritere å vidareføre arbeidet med å trygge selskapet si verksemd og sette i verk tiltak for å effektivisere selskapet si drift, mellom anna på nedstrømsløyisingane på ulike fraksjonar og på betre sorteringsorningar som gir auka kundetilfredsheit og positiv gebyrutvikling. Selskapet vil også ytterlegare styrke arbeidet med å vere ein positiv samfunnsaktør innan det miljøretta arbeidet. Dette er mellom anna tenkt gjennom informasjon og anna utadretta arbeid.

10. Eigarstyring og leing av selskapet

Selskapet sin organisasjon og leing vert i dag vurdert som tilfredsstillende sett opp mot selskapet si verksemd.

Ulsteinvik, 23. april 2012

George Fulford
George Fulford
styreleiar

Einar Warholm
Einar Warholm
nestleiar

Helga Longva Dyrhol
Helga Longva Dyrhol

Einar Heimdal
Einar Heimdal
dagleg leiar

Gry Cecilie Sydhagen
Gry Cecilie Sydhagen


Gro Anita Engh
Gro Anita Engh

Lidvin Sundgot
Lidvin Sundgot

Driftsinntekter og -kostnader	Note	2011	2010
Salgsinntekter		40 788 649	30 108 600
Andre driftsinntekter		83 204	535 871
Sum driftsinntekter		40 871 853	30 644 471
Varekostnader		9 770 829	8 269 830
Personalkostnader	2, 3	14 790 941	10 707 777
Ordinære avskrivninger	5	1 769 552	1 877 730
Nedskrivning av varige driftsmidler		0	100 000
Andre driftskostnader	2, 6	10 682 508	9 868 748
Sum driftskostnader		37 013 830	30 824 085
Driftsresultat		3 858 024	-179 613
Finansinntekter og -kostnader			
Renteinntekter		153 693	70 347
Andre finansinntekter		6 847	9 494
Rentekostnader		798 259	776 548
Resultat av finansposter	15	-637 719	-696 707
Ordinært resultat før skattekostnad		3 220 305	-876 320
Årets resultat	11, 12	3 220 305	-876 320
Overføringer			
Overføringer til/fra selvkostfond		1 524 000	-316 400
Overført til/fra udekket tap		-1 696 305	559 920
Sum overføringer		3 220 305	-876 320

Eiendeler	Note	2011	2010
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Bygninger inkl. tomter	5	12 544 590	12 112 860
Maskiner og anlegg	5	1 939 754	1 439 668
Driftsløsøre, inventar o.l.	5	4 498 904	4 871 807
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler		310 614	282 094
Sum anleggsmidler		19 293 862	18 706 428
Omløpsmidler			
Fordringer			
Kundefordringer	7	4 663 787	7 365 140
Andre kortsiktige fordringer		1 618 651	529 694
Selvkostfond	11	1 189 000	2 713 000
Bankinnskudd, kontanter o.l.			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	491 408	490 495
Sum omløpsmidler		7 962 845	11 098 329
Sum eiendeler		27 256 707	29 804 757
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Opptjent egenkapital			
Udekket tap		-4 600 656	-6 296 961
Sum egenkapital	12, 13	-4 600 656	-6 296 961
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Pensjonsforpliktelser	3	2 700 190	2 263 804
Andre avsetninger for forpliktelser	10	1 195 561	1 949 334
Annen langsiktig gjeld			
Pantelån	8, 14	19 094 400	19 890 000
Sum langsiktig gjeld		22 990 151	24 103 138
Kortsiktig gjeld			
Kassakreditt	14	202 519	5 781 109
Leverandørgjeld		5 524 166	3 873 880
Skyldige offentlige avgifter		1 017 641	851 829
Annen kortsiktig gjeld		2 122 886	1 491 761
Sum kortsiktig gjeld		8 867 212	11 998 580
Sum gjeld		31 857 363	36 101 718
Sum egenkapital og gjeld		27 256 707	29 804 757

Ulsteinvik, 23. april 2012



 George Fulford
 styreleiar



 Einar Warholm
 nestleiar


 Helga Longva Dyrhol


 Einar Heimdal
 dagleg leiar


 Cecilie Sydhagen


 Gro Anita Engh


 Lidvin Sundgot
NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven, lov om interkommunale selskaper og God regnskapsskikk for små foretak.

Ledelsen har brukt estimater og forutsetninger som har påvirket resultatregnskapet og verdsettelsen av eiendeler og gjeld, samt usikre eiendeler og forpliktelser på balansedagen under utarbeidelsen av årsregnskapet i henhold til god regnskapsskikk.

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til gjenvinnbart beløp ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Gjenvinnbart beløp er det høyeste av nettosalgsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er nåverdi av fremtidige kontantstrømmer knyttet til eiendelen. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er tilstede.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet, samt poster som er knyttet til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på opptakstidspunktet.

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. Legalpanten hører til hver av eierkommunene og vil tre i kraft dersom en ikke klarer å kreve inn gebyrene en har til gode mot husholdningskunder på vanlig måte.

Selskapet er skattepliktig for den del av virksomheten som er knyttet til næringskunder. Skattekostnaden i regnskapet omfatter periodens betalbare skatt.

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktelser beregnes etter lineær opptjening basert på forventet sluttlønn. Beregningen

er basert på en rekke forutsetninger, herunder diskonteringsrente, fremtidig regulering av lønn, pensjoner og ytelser fra folketrygden, fremtidig avkastning på pensjonsmidler og aktuariemessige forutsetninger om dødelighet og frivillig avgang. Pensjonsmidler er vurdert til virkelig verdi og fratrukket i netto pensjonsforpliktelser i balansen. Endringer i forpliktelsen som skyldes endringer i pensjonsplaner fordeles over antatt gjenværende opptjeningstid. Endringer i forpliktelsen og pensjonsmidlene som skyldes endringer og avvik i beregningsforutsetningene (estimatendringer), fordeles over antatt gjennomsnittlig gjenværende opptjeningstid, hvis avvikene ved årets begynnelse overstiger 10%, av det største av brutto pensjonsforpliktelser og pensjonsmidler.

Virksomheten som er knyttet mot husholdningskundene er regulert av Forurensingsloven. I henhold til Forurensingsloven § 34 skal kostnadene for disse kundene dekkes fullt ut gjennom gebyrinntektene. I henhold til retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester utgitt av Kommunal- og Regionaldepartementet, kan over- eller underskudd fremføres innenfor et 3- til 5- års perspektiv for å utjevne svingninger i inntekter og kostnader. Det utarbeides særskilt selvkostregnskap. I balansen klassifiseres akkumulert over- og underskudd henholdsvis som kortsiktig gjeld og kortsiktig fordring.

Regnskapsprinsippene er for øvrig nærmere omtalt i de tilhørende noter til de enkelte regnskapspostene.

NOTE 2 LØNNKOSTNADER, ANTALL ÅRSVERK, GODTGJØRELSER M.M.

I tillegg til opplyst godtgjørelse til styret et det kostnadsført kr. 148.271,- for diverse juridisk arbeid utført av styrets leder og andre advokater ved samme kontor.

Revisor

Det er i 2011 kostnadsført kr. 170.050,- (eks. mva) i ordinært revisjonshonorar og kr. 115.750,- (eks. mva) ved rørende andre tjenester levert av revisor. Dette inkluderer honorar fra både tidligere og nåværende revisor.

Lønnskostnader		2011	2010
Lønn		11 192 033	8 753 084
Arbeidsgiveravgift		1 729 604	1 422 155
Pensjonskostnader		1 432 469	407 529
Andre lønnsrelaterte ytelser		436 834	125 009
Sum		14 790 941	10 707 777
Antall årsverk sysselsatt		32	26
Ytelser til ledende personer	Daglig leder	Styret	Repr. skap
Lønn	585 971		
Pensjonskostnader	11 938		
Andre godtgjørelser	3 774	138 923	26 800
Sum	601 683	138 923	26 800

NOTE 3 PENSJONSKOSTNADER, -MIDLER, -FORPLIKTELSER

Selskapet er forpliktet til å ha pensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon.

Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne lov.

Selskapet har en offentlig kollektiv pensjonsordning for sine ansatte i KLP Forsikring. Den offentlige tjenstepensjonsordningen gir ved full opptjening en alderspensjon som sammen med folketrygden sine ytelser utgjør en samlet pensjon på 66% av pensjonsgrunnlaget. Foretaket har også offentlig AFP-ordning for de ansatte.

Fremtidig pensjonspremie vil påvirkes av avkastning, lønnsvekst og utvikling i folketrygdens grunnbeløp.

Selskapet har pensjonsordninger som omfatter i alt 24 aktive personer og 8 pensjonister pr 31.12.2011. Ordningene gir rett til definerte fremtidige ytelser. Disse er i hovedsak avhengig av antall opptjeningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytelsene fra folketrygden. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringsselskap.

	2011	2010
Nåverdi av årets pensjonsopptjening	1 247 678	1 225 633
Rentekostnad av pensjonsforpliktelsen	719 975	652 678
Forventet avkastning av pensjonsmidler	-568 382	-483 914
Administrasjonskostnader	56 076	52 487
Resultatført estimatavvik	87 170	-287 497
Arbeidsgiveravgift	205 204	204 011
Resultatført planendring	-	-955 869
Netto pensjonskostnad	1 747 721	407 529
Beregnete pensjonsforpliktelser pr 31.12	15 672 316	14 775 086
Pensjonsmidler (til markedsverdi) pr 31.12	-10 627 656	-10 350 134
Ikke resultatført virkning av estimatavvik	-3 055 767	-2 785 066
Arbeidsgiveravgift	711 297	623 918
Forskuddsbetalt pensjon (netto pensjonsforpliktelser)	2 700 190	2 263 804

De aktuariemessige forutsetningene er basert på vanlige benyttede forutsetninger innen forsikring når det gjelder demografiske faktorer.

NOTE 4 BUNDNE MIDLER

Av bankinnskudd vedrører kr. 485.008,- innskudd på skattetrekkkonto.

Økonomiske forutsetninger:	
Diskonteringsrente	3,80 %
Forventet lønnsregulering	3,50 %
G-regulering	3,25 %
Forventet pensjonsøkning	2,48 %
Forventet avkastning på fondsmidler	4,10 %
Amortiseringstid	15 år
Korridorstørrelse	10%

NOTE 5 VARIGE DRIFTSMIDLER

	Tomter, bygninger m.m.	Maskiner, anlegg, biler, m.m.	Driftsløsøre, inventar, kontorm.	Sum
Anskaffelseskost 1.1	17 730 237	8 084 218	7 595 963	33 410 418
Tilgang kjøpte driftsmidler	849 345	1 069 819	409 302	2 328 466
Avgang til anskaffelseskost	-	-	-	-
Anskaffelseskost 31.12	18 579 582	9 154 037	8 005 265	35 738 884
Akkumulerte avskrivninger pr. 31.12	-6 034 992	-7 114 283	-3 506 363	-16 655 638
Akkumulerte nedskrivninger pr. 31.12		-100 000		-100 000
Bokført verdi pr. 31.12.	12 544 590	1 939 754	4 498 904	18 983 248
Årets avskrivninger	417 615	569 738	782 206	1 769 552
Årets nedskrivninger	-	-	-	-
Økonomisk levetid	0-50 år	3-10 år	5-10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Tomter har tidligere år vært avskrevet sammen med bygg. I 2011 er det skilt ut til sammen kr. 945.000,- som tomteverdi. Tomtene avskrives ikke.

NOTE 6 LEIE DRIFTSMIDLER

Løpende leasingavtaler på vesentlige driftsmidler

Type	Avtalen inngått	Avtalen utgår	Årets kostnad
Volvo lastebil	feb.07	feb.12	371 520
Volvo lastebil	feb.07	feb.12	371 520
Volvo lastebil	nov.07	nov.12	371 520
Man lastebil	okt.08	okt.13	302 100
Man lastebil	okt.10	okt.15	434 712
Man lastebil	nov.10	nov.15	443 724
Sum			2 295 096

Det er ikke forskuddsleie for noen av leieobjektene.

NOTE 7 KUNDEFORDRINGER

Søre Sunnmøre Gjenvinning AS (SSG) meldte oppbud 28.7.2010. Boet er ennå ikke oppgjort. På grunn av usikkerhet er netto

kundefordring med fradrag for netto leverandørgjeld, regnskapsmessig nedskrevet til kr. 0,- pr. 31.12.2011.

NOTE 8 LANGSIKTIG GJELD

Gjeld som forfaller mer enn 5 år etter regnskapsårets slutt.

	2011	2010
Gjeld til kreditt institusjoner	15 115 000	15 910 000
Sum	15 115 000	15 910 000

NOTE 9 SKATTER

Selskapet er skattepliktig for den del av virksomheten som er knyttet til næringskunder.

Skatter kostnadsføres når de påløper, det vil si at kostnaden er knyttet til det regnskapsmessige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på årets skattepliktige inntekt) og endring i netto utsatt skatt. Skattekostnaden fordeles på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære poster i henhold til skattegrunnlaget.

Oversikt over midlertidige forskjeller:

	2011	2010
Skattemessig underskudd til fremføring	-3 534 355	-5 293 299
Sum midlertidige forskjeller og underskudd til fremføring	-3 534 355	-5 293 299
Utsatt skattefordel	989 619	1 482 124
Anvendt skattesats	28 %	28 %

Utsatt skattefordel pr. 31.12.2011 er ikke balanseført i henhold til God Regnskapsskikk for små foretak.

Nedenfor er det gitt en spesifisering over forskjellen mellom det regnskapsmessige resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag.

	2011	2010
Resultat næringsvirksomheten før skattekostnad	1 759 211	-674 565
Permanente forskjeller	-267	-28 400
Årets skattegrunnlag før underskudd til fremføring	1 758 944	-702 965
Anvendelse av skattemessig underskudd	-1 758 944	-
Årets skattegrunnlag	-	-702 965

Skattekostnaden i regnskapet består av følgende poster:

	2011	2010
Betalbar skatt	-	-
Endring utsatt skatt	-	-
Årets skattekostnad	-	-

NOTE 10 AVSETNING FOR FREMTIDIGE FORPLIKTELSER FOR DEPONI

Selskapet har i henhold til Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall § 9-15, forpliktelser knyttet til fremtidige miljøkrav relatert til sikring av deponi og anlegg, i en periode etter at virksomheten ved deponiet er avviklet. Selskapet har slike forpliktelser knyttet til det nedlagte deponiet på Eidet i Ulstein kommune.

Det er lagt til grunn at etterdriftsansvaret omfatter en periode på 30 år regnet fra tidspunkt for avvikling av deponiet. Driften av deponiet ble avviklet i 2009 og restperioden for etterdriftsansvaret pr. 31.12.2011 er 28 år. Det er vesentlig usikkerhet knyttet til omfanget av kostnader til det fremtidige ansvaret for deponiet. Avsatt beløp i balanse gir uttrykk for ledelsens beste estimat på tidspunktet for avleggelse av årsregnskap for 2011. Avsetningen ble første gang estimert av ekstern konsulent i mai 2009 til kr 2,3 mill., og forventede kostnader for gjenværende etterdriftsperiode er balanseført som langsiktig avsetning for forpliktelser i balansen.

	2011	2010
Avsetning fra tidligere år	1 949 334	2 300 000
Medgåtte kostnader i året	-753 773	-650 666
Økt avsetning i året	-	300 000
Avsetning 31.12.	1 195 561	1 949 334

NOTE 11 SELVKOSTFOND

Selvkostfondet pr. 31.12.2011 er negativt med kr. 1.189.000,-. Ved beregning av selvkostfondet er inntekter og kostnader i regnskapet fordelt mellom husholdning og næring og gjenspeiler aktiviteten mellom de to virksomhetsområdene. Inntekter og utgifter knyttet til håndtering av slam er overført fra området husholdning til området næring, da eventuelt resultat fra disse aktivitetene ikke skal påvirke renovasjonsgebyret.

NOTE 12 EGENKAPITAL

	Innskuddskapital	Udekket tap	Sum
Egenkapital 01.01.	-	-6 296 961	-6 296 961
Årets endring i egenkapital			
Årets resultat etter overføring selvkostfond		1 696 305	1 696 305
Egenkapital 31.12.	-	-4 600 656	-4 600 656

NOTE 13 INNSKUDDSKAPITAL OG EIERINFORMASJON

Selskapets eierfordeling pr. 31.12.:	
Deltaker	Eierandel
Herøy kommune	36,70 %
Ulstein kommune	31,00 %
Hareid kommune	21,15 %
Sande kommune	11,15 %
Totalt	100 %

Selskapet har ingen innbetalt innskuddskapital.

Representantskapet utgjør 11 medlemmer, 2 fra Hareid, 4 fra Herøy, 3 fra Ulstein og 2 fra Sande. I følge selskapsavtalen § 4 skal hver kommune ha et medlem for hver påbegynt 2 500 innbygger, mens alle kommunene skal minst ha 2 medlemmer.

NOTE 14 GARANTIER

I henhold til selskapsavtalen er deltakerkommunene Hareid, Herøy, Ulstein og Sande utad ansvarlig for selskapets samlede forpliktelser i forhold til sine respektive eierandeler.

NOTE 15 FINANSIELL MARKEDSRISIKO

Selskapet benytter seg ikke av finansielle instrumenter med styring av finansiell risiko.

Renterisiko

Renterisiko oppstår på kort og mellomlang sikt som et resultat av at selskapets gjeld har flytende rente.

Til representantskapet i
Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS

UTTALELSE OM ÅRSREGNSKAPET

Vi har revidert årsregnskapet for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS som viser et overskudd på kr. 3.220.305,-. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2011, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettviseende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om

effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av den finansielle stillingen til Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS per 31. desember 2011 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

UTTALELSE OM ØVRIGE FORHOLD

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Ulsteinvik, 24. april 2012

BDO AS

Einar Giljarhus Løkken
Statsautorisert revisor

“Ny giv for
plastemballasjen”

La meg
få ein
sjanse til...



SSR har fleire års historie med å sortere plast. I 1998 stod sorteringsanlegget ferdig i Saunesmarka. Plastretur engasjerte SSR til å sortere plast frå store delar av landet. Frå 10. oktober 2011 gjekk SSR og plasten inn i ei ny epoke der plasten igjen går til materialgjenvinning.

I ein periode blei all hushaldningsplasten i Norge sør for Dombås sendt til reinhaldsverket for sortering. 10 000 tonn hushaldningsplast blei sortert i løpet av perioden. Oppdraga blei færre i løpet av 2005, då andre aktørar med meir automatiserte teneste overtok sorteringa. Plasten har i den siste tida vore sendt til energigjenvinning på Grautneset, noko som flinke sorterarar har reagert på, det beklagar vi. Bakgrunnen for dette er at vi opplevde at mykje av plasten var forureina av matavfall

slik at den likevel ikkje kunne sendast til gjenvinning. Delen av den innsamla plasten som gjekk til materialgjenvinning var også relativt låg. Vi valde derfor å sende plasten til Grautneset der den vart brukt til å lage fjernvarme.

Vi veit at mange ynskjer å bidra i ein felles miljødugnad. Erfaringane så langt er at vi får inn mykje bra plast som eignar seg til gjenvinning.



Søre Sunnmøre Reinholdsverk
Smårisevadet 20, 6065 Ulsteinvik

firmapost@reinholdsverket.no
Tlf : 70 00 70 50

reinholdsverket.no